



Medspelaren til Knut på trombone, Lars Myklebust, overleverer blomehelsing til jubilaranten. Thor Inge Døsland seier fram gode ord.

Det vart ei rettlegg triveleg stund på Steinsletto i går då den musikalske leiaren i Uskedal musikklag, Knut Steinsletten, runda 70 år. Ein ting var at korpset møtte fram og helsa jubilaranten med jubilmarsj og Boni M låt frå Salme 137. Høgdepunktet var likevel presentasjonen av bygdesongen Eikedalen, skriven av Engel Stensletten, bestemor til Knut og forøvrig fleire av gjestene i selskapet.

Knut Steinsletten kom med i Guttemusikken alt i 1962/63 og har seinare vore aktiv korpsmusikar i over 50 år. I gymnasåra på Voss var han utan instrument. Instrumentet er trombone. I helsinga til jubilaranten vart det lagt vekt på hans nøyaktighet og det å vera påliteleg. Knut er alltid på plass, gjer klart til øving og ser til at alt er rydda etterpå.

Knut Steinsletten saman med Lars Myklebust og Ståle Eik er i fremste rekkje for å rigga og pynta julagrano kvart år. Etter jul skal alt demonterast, sjåast over og lagrast for neste jul.



I det fine veret i går kveld ljoma korpsmusikken ut over Eik og Steinsletta til ære for den musikalske leiaren i Uskedal Musikklag. Knut sa i takketalen sin at ein annan sentral medlem i drifta av Uskedal musikklag, er Svein Sunde. Det er han som finn fram og vurderer kva notestoff som fungerer og kan brukast for eit korps med få medlemmer.

Bygdesongen Eikedalen er kjend for mange, men ofte framført til ein noko usikker melodi. Etter song frå Eivind Steinsletten, son til Engel, og nedteikning av kantor Eva Megyesi, er vi meir trygge på tonen og at framføringa er rett.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal